



## OSTERØY IDROTTSLAG

Årsmøte for Osterøy Idrettslag vart halde på Fitje skule 27/11 83 kl.16..

Frammøte: 36 medlemer.

Form. ynskte alle velkomne og saklista vart deretter samråystes vedteken.

1. Val av ordstyrar: Øystein Solberg vart samråystes vald.

2. Årsmelding: Monrad Myking las årsmelding som vart godkjend utan merknad.

3. Rekneskap: Jorunn Bergan las deretter rekneskapen for hovedlaget og den vart godkjend uten merknad.

4. Kontigent: kr. 75 for vaksne og heva til 25 for born under 17 år.

5. Röysterett og valbarheitsalder: Same som tidligare 15 år.

6. Sponsoravtalen: Denne avtale med Sparebanken Vest er endra til 2 årig avtale der også reklame i lysløypa er inkludert og beløpet kr. 45.000 for 1984 og kr. 50 000 vart samråystes godkjent. <sup>for 1985</sup>

8. Ymse: Forslag om fornying av avtalen med fyseoterapaut Endresen vart vedteken og for dette betaler laget kr. 1.800 i 1984.

Avtalen med Lonevåg Forbrukslag om 10 % rabatt ved kjøp av idrettsutstyr vart også samråystes godteken.

Styret sitt forslag om at det nye styret får fullmakt til å vurdera vidare utgjeving av O.I.L.Stikkå neste år vart vedteken. Det vart på årsmøtet framlagt skriftleg forslag frå Br. Søreide om at dei på viss vilkår kan ta på seg utgjevinga også i 1984 og dette vart også oversendt det nye styret.

Det kom forslag om at arbeidsutvalet på 5 medlemer måtte få fullmakt til å ta avgjerd i mindre saker mens derimot større saker og fordeling av pengar måtte avgjerast av heile styret. Denne ordninga gjeld for 1984 og skal deretter takast opp på årsmøtet.

Forslag frå reklamenemda om at inntekta av reklameskilta på Osterøy Stadion for 1984 førebels vert halde av til eit eventuelt klubhus ved bana og at styret arbeider vidare med saka til neste årsmøte vart samråystes vedteken.

Den nye formannen takka deretter Øystein Solberg for det arbeidet som han har gjort i dei 5 åra han har vore formann. Han har nådd mål som har vore planlagt lenge og han fekk fortent applaus frå årsmøtedeltakaran. Møtet slutt kl. 19.40.

Monrad Myking  
skrivar

Val: Desse vart vald i styret for 1984.

Formann	Jørgen Varden	1 år
N.formann	Magnus Borge	2 år
Kasserar	Jorunn Bergan	frå för
Skrivar	Monrad Myking	frå för
Styremedlem	Bjarne Langhelle	2 år
1. Varamann	Karl Johan Reigstad	
2. "	Leif Mjelde	
3. "	Agnar Hjellvik	

Revisorer:

Norodd Helle	varam.	Arvid Lötveit
Geir Kleppé	"	Jostein Jacobsen

Medlemer til kontaktutvalet:

Jørgen Varden	Monrad Myking	"	Agnar Hjellvik
Asbjørn Raknes	Bjarne Langhelle	"	Jostein Jacobsen

Val av gruppeformenn samröystes godkjend:

Fotball	Jon Ketil Hatland	Form
	Rigmor Langeland	Kass
Friidrott	John Bernes	Form
	Øystein Fossdal	Kass
Ski	Øyvind Litland	Form
		Kass
Turn	Jostein Hagebø	Form
	Solveig Hagebø	Kass
Volleyball	Kjerstin Bernes	Form
	Solveig Svendheim	Kass
Hjellvikgr.	Asbjørn Raknes	Form
	Björn Mjelstad	Kass
Valestrandgr.	Vidar Simmenes	Form
	Grete Brandsdal	Kass

Valnemd for 1984:

Kirsten Varden	Inge Johs. Reigstad	Magnus Mjelde som kallar inn
----------------	---------------------	------------------------------

Idrettsmerkeutval:

Osvald Kalland	Arnljot Rongved
Tor Skaftun	Vidar Simmenes